

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015

Inge Reidar Kallevåg sette fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

1. Fylkesutvalet støttar forslag til endring av reglar for eigedomsskatt på arbeidsmaskinar m.v. i verk og bruk, alternativ 1.
2. Fylkesutvalet ber om at ein også vurderer ein tredje modell der eigedomsskatten vert inkludert i inntekstutjamninga i kommuneopplegget, jfr. Schel- kommisjonen.
3. Fylkesutvalet ber om at det vert laga gode overgangsordningar for kommunane som vert ramma av omlegginga."

Silje Hjemdal sette fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

Fylkesutvalget støtter forslagene fra departementet og vil anbefale alternativ to. Etter fylkesutvalgets syn vil prinsippene for taksering av all næringseiendom bli identiske.

Kommunene bør kunne forutsette at endringene blir fulgt opp fra statens side med en balansert økonomisk løsning for kommunene."

Røysting

Hjemdal sitt forslag fekk 3 røyster (Frp) og fall.

Kallevåg sitt forslag fekk 4 røyster (H) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp).

Vedtak

Fylkesutvalet viser til KS sin høyringsuttale om endra reglar for eigedomsskatt for arbeidsmaskinar for verk og bruk og sluttar seg til denne.